

Orientering til komité for samfunnsutvikling

EPOS – det flytande litteraturhuset på Vestlandet.

Bakgrunn:

Bokbåten Epos har i mange år gått som eit flytande bibliotek i gamle Hordaland og Sogn og Fjordane fylke. Tenesta vart avslutta i Vestland fylke i 2020. Dette vart sett på som eit stort tap for kulturlivet i mange av dei små fjorbygdene. Strilabiblioteket i Alver kommune sette difor i gang eit arbeid med å starte opp att båten som eit kulturtilbod i Vestland fylke.

Prosjektet:

Dette nye prosjektet "omskapar" båten til Vestlandet sitt flytande litteraturhus. Litteratur- og kulturformidling er det viktigaste føremålet. Bibliotek, kulturkontor og andre frivillige organisasjonar frå 27 kommunar har meldt interesse for å delta i prosjektet. Sogndal bibliotek er ein av dei.

Prosjektet er eit formidlings- og pilotprosjekt i 2021. Dei lokale aktørane som har meldt interesse bidreg ikkje med driftsmidlar for å halde drifta på båten, men stiller med personalressursar og sørger for å fylle båten med innhald den tida den er i deira kommune. Strilabiblioteket er koordinator.

Prosjektet har så langt sikra nok midlar til drifta, og interessentar som vil fylle båten med innhald. Planen er at båten skal gå i perioden 27. september til 25. november. Ein tentativ køyreplan er sett opp, men ingen datoar er fastsett endå.

Epos i Sogndal kommune:

Sogndal bibliotek har meldt interesse for deltaking, og har bedt om 3 besøk (Sogndal, Leikanger og Balestrand) over 2 dagar. Me ser for oss eit tilbod retta mot barn og unge i haust. Sogndal vil ha båten på kveldstid, Leikanger på føremiddag og Balestrand på ettermiddag (avreise Balestrand kl. 16).

Biblioteksjef og medansvarleg for arrangement, Jolanta Chodareva, arbeider med utforming av innhaldet desse to dagane. Den viktigaste avklaringa me arbeider med er kai-plass og leige av denne.

Ein tentativ plan for dagane i Sogndal kommune er å invitere skuleklassar eller barnehagar til å besøke båten, der dei får ei lesestund. Lesestunda vert anten gjennomført av lokal lesegleidar Gunn Dale Tufte, eller moglegvis forfattar Ruth Lillegraven. Biblioteket stiller med personale desse dagane.

Alternativt kan me få til eit samarbeid med ungdomslag eller frivilligsentralar for tilbod ut mot ungdommar på kveldstid i Sogndal. Me vil undersøke moglegheitane for samarbeid med andre aktørar - til dømes Kulturskulen om musikkinnslag.

Sogndal 20.01.2021

Anita Bergseth
Biblioteksjef